



Rune L. Skår og Turid Hosøy
Ådlandsvegen 905
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3706 - 16/32271

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.11.2016

Førebels svar på søknad om arealoverføring - gbnr 11/2 Hølleland

Lindås kommune viser til søknad om arealoverføring mellom gbnr 11/2 og 11/47 31.10.2016.

Søknaden som kommunen mottok omfatta søknad om frådelling av 2 bustadtomtar frå gbnr 11/2 og arealoverføring mellom gbnr 11/2 og 11/47. Kommunen har delt søknaden slik at søknaden om arealoverføring vert ført på eiga saksmappe. Dette brevet omhandlar berre søknaden om arealoverføring.

Kommune har gått gjennom søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf SAK 10 § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Signatur

Søknaden om arealoverføring skal signerast av heimelshavarane på både avgjevareigedomen og mottakareigedomen. Vedlagt følgjer revidert søknadsskjema som kan nyttast.

Nabovarsel

Omsøkte tiltak krev nabovarsling. Skjema for nabovarsling finn du på www.dibk.no under fana for skjema og blankettar. Det må gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon.

Naboliste følgjer vedlagt.

Plangrunnlag

Tiltaket er omfatta av kommuneplanen sin arealdel, der arealet er avsett til byggjeområde for bustadar. Tiltaket krev, som omsøkt, at det vert gitt dispensasjon for det generelle plankravet i punkt 1.1 i føresegnene til planen. I tillegg vil tiltaket krevja at det vert gitt dispensasjon frå gjeldande arealføremål då overføringa av areal skal skje til naustetomt, og frå planen si fastsette byggjegrense mot sjø.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjonen vert send inn samla innan **31.01.2017**. Dersom informasjonen ikkje er send kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova §§ 21-7, jf SAK 10 § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert fakturert i samsvar med Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert send ut krav om gebyr når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboliste gbnr 11-2 - arealoverføring
Skjema søknad_rekvisisjon _Lindås_utfyllbart

Mottakarar:

Rune L. Skår og Turid Hosøy

Ådlandsvegen 905 5918

FREKHAUG